

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-221
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 23.11.2020

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|--------------------|------------|
| 122/20 | Alver formannskap | 03.12.2020 |
| 167/20 | Alver kommunestyre | 17.12.2020 |

Gebyrregulativ vatn og avløp 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner vass- og avløpsgebyra for 2021, slik dei går fram av framlegg datert 23.11.2020.»

Alver formannskap 03.12.2020:

Handsaming:

Orientering ved kommunalsjef Anny Bastesen
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 122/20 Vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner vass- og avløpsgebyra for 2021, slik dei går fram av framlegg datert 23.11.2020.»

Alver kommunestyre 17.12.2020:

Handsaming:

Gdbyrregulativ vatn og avløp 2021, foreslått av Sveinung Toft, Venstre
«Landbrukseigedomar følgjer satsane for bustad- og fritidseigedomar når det gjeld tilknytingsgebyr»

Tilleggsframlegg frå S.Toft-V:

«Landbrukseigedomar følgjer satsane for bustad- og fritidseigedomar når det gjeld tilknytingsgebyr»

Framlegget vart samrøystes vedteke
Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke

KO- 167/20 Vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner vass- og avløpsgebyra for 2021, slik dei går fram av framlegg datert 23.11.2020.»

«Landbrukseigedomar følgjer satsane for bustad- og fritidseigedomar når det gjeld tilknytingsgebyr»

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Rammene for kommunens vassforsyning og avløpshandtering følgjer av:

- Hovudplan for vatn og avløp
- Investeringsoversikt og driftsbudsjett
- Lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver

Driftsnivået og investeringstiltaka er prioritert med ei målsetting om å sikre alle innbyggjarar og næringsdrivane i Alver ei stabil og trygg vassforsyning, og hindre ureining frå avløp. Oppgåveområdet er strengt regulert når det gjeld standard og kvalitet på tenestene. Tenestene skal fullt og heilt finansierast av gebyr; kommunen sin økonomi skal ikkje verke avgrensande på kvaliteten og standarden. Vatn er eit næringsmiddel, og Mattilsynet følgjer opp både produksjonen og distribusjonen.

Summen av dei årlege vass- og avløpsgebyra (VA-gebyra) skal dekkje dei samla kostnadene kommunen har med vassforsyning og handtering av avløp. Inntektene skal dekkje alle driftsutgiftene gjennom året, og konsekvensane av investeringane – dvs avskrivningar og kalkulatoriske renter. Oversikten over investeringane går fram av økonomiplan investering. Oversikten over driftsutgiftene byggjer på førre års rekneskap, ved framskriving av oppdatert prognose.

Inntektene frå VA-gebyra skal ikkje vere høgare enn kostnadene knytt til drift, vedlikehald og investeringar. Eit overslag over kostnader for dei næraste tre til fem åra skal leggjast til grunn for utrekninga, saman med overslag over samla gebyrinntekter.

Eventuelle avvik mellom inntekter og utgifter blir sett på fond; ved overskot skal midlane vere med på å finansiere komande års drift.

Fastsetting av vass- og avløpsgebyr er heimla i Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg av 16.03.2012, Forskrift om begrenning av forurensning (Forurensningsforskrifta) av 01.06.2004 og Lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver.

Saksopplysningar:

Rådmannen nyttar ein eigen sjølvkostmodell til å rekne ut det rette gebyrgrunnlaget i tråd med sjølvkostregelverket. Oppstilling av dei ulike elementa i sjølvkostbudsjettet er samla i vedlagte notat, Momentum budsjettnotat. Dette syner utgifter og inntekter, investeringar, status på fond og utvikling over tid. Notatet tar også med seg oppstilling av sjølvkost for feieområdet; her er det med for oversikta sin del – jf elles eiga gebyrsak m.o.t. feiegebyret.

Rådmannen legg til grunn at tal abonnentar i snitt aukar med 100 pr år for vatn, og 200 pr år for avløp etter 2021. Dette med utgangspunkt i planlagt sanering av avløp. Anslaget blir justert årleg basert på faktisk auke. Hittil i år er det kome 100 nye abonnentar på vatn og 92 på avløp.

Det er ikkje lagt opp til auke i tilknytingsgebyret (eingongsgebyret). Gebyr for tilknytning skal ikkje koplast til ein bestemt del av kostnadene, men dekke ein relativ del av kommunens samla kostnader med vassforsyning og avløpshandtering. Vassmålarleige er heller ikkje foreslått auka. Det er eit mål om å stimulere til flest mogeleg tilknytningar.

Gebyrutvikling

For den samla utviklinga av årsgebyret sin del er det tatt sikte på jamn auke. På grunn av investeringane vil det bli stigning i VA-gebyra framover, sjølv om dei foreslåtte investeringane er halde på eit nøkternt nivå. Målet er å sikre trygg vassforsyning i dei delane av kommunen som ikkje har eit fullt ut tilfredsstillande forsyningsnett enno, og handtering av avløp der ureiningsfaren er størst. Mattilsynet og Fylkesmannen i Vestland sine krav ligg elles til grunn for dei foreslåtte prioriteringane.

Den planlagte harmoniseringa av fonda i dei tre gamle kommunane før samanslåinga, fungerte. I 2019 fekk

abonnentane tilbake 9,3 mill frå avløpsfondet, i form av reduserte avgifter i den respektive kommunen. Frå vassfondet fekk abonnentane tilsvarende 3,2 mill tilbake. Alver gjekk inn i 2020 med eit avklart utgangspunkt for sjølvkostrekneskapen og fondsutviklinga framover. I 2020 er det vidare brukt tid på å samle dei ulike systema og abonnementsregistra til nytt felles system. Status på VA-anlegga er kartlagt gjennom arbeidet med VA-planen.

Nærare om spesialløysinga eigen septiktank i kombinasjon med kommunalt avløp

Gebyrregulativet for 2020 blei justert etter vedtak i kommunestyret 15.05.2020, m.o.t. årsgebyr for abonnentar med eigen septiktank i kombinasjon med kommunalt avløp. Forbruksgebyret er redusert med gjeldande sats for slamgebyr.

I tillegg lanserte rådmannen eit nytt grep i Alver, om å redusere forbruksgebyret med kr 500, som kompensasjon for eige ansvar for vedlikehald av tank. Denne satsen blei vedtatt, men kommunestyret ba om å få ei ny vurdering, for å fange opp dei faktiske kostnadene abonnentane med denne ordninga har.

Ein glasfibertank koster om lag kr 25 000, og arbeid med utskifting koster i tillegg om lag kr 25 000 i arbeid. Levetida på tanken bør vere inntil 50 år, men dette er avhengig av bruk og tilsyn. På denne bakgrunnen foreslår rådmannen at forbruksgebyret blir redusert med kr 1000 frå 2021, i tillegg til reduksjonen tilsvarende slamgebyret.

Oppsummering

VA-gebyra heng nye saman med økonomiplan investering og driftsbudsjett, med gjensidig påverknad. Overbygningen ligg i hovudplan for vatn og avløp. For Alver fins denne overbygningen i temaplanen for vatn og avløp 2021-22, som er sett saman av tidlegare godkjente hovudplanar, inntil ny hovudplan blir utarbeida. Kommunestyrets godkjenning av temaplanen (VA-planen) legg rammene for investeringar og drift, som igjen er bakgrunn for prioriteringane som er foreslått lagt inn i økonomiplan investering. Driftsbudsjettet byggjer på desse forslaga, og legg vidare grunnlaget for fastsetting av VA-gebyr.

Samanlikna med gebyrnivået i andre kommunar, meiner rådmannen at forslaget til VA-gebyr for Alver ikkje skiljer seg vesentleg ut verken positivt eller negativt, jf vedlagte oversikt over nokre kommunar det er naturleg å samanlikne seg med. Driftsbudsjettet er halde på eit nøkternt nivå, og forslaget til investeringar skal sikre ei trygg handtering av vatn og avløp i Alver.

Vedlegg i saken:

| | | |
|------------|---|---------|
| 23.11.2020 | Vass- og avløpsgebyr i Alver kommune 2021, framlegg 23.11.2020 | 1477854 |
| 23.11.2020 | Vass- og avløpsgebyr i Alver kommune 2021, framlegg 23.11.2020 | 1477854 |
| 23.11.2020 | Momentum Budsjettnotat - Alver kommune 2021 (2020_10_29) | 1477852 |
| 23.11.2020 | Momentum Budsjettnotat - Alver kommune 2021 (2020_10_29) | 1477852 |
| 23.11.2020 | Samanlikning av VA-gebyr | 1477853 |
| 23.11.2020 | Samanlikning av VA-gebyr | 1477853 |